Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 8.
Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr.
Herad: Bjerkreim

Emne: Beit og Brom.
Bygdelag: Øvrebygdi

Oppskr. av: Torvald Austrumdal
Gard: Austrumdal

(adresse): Vikeså
G.nr. 22 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Beit var mykje brukt i eldre tid, men ikkje no. Med beit meiner folk her mjuke bjørkekvistar som er avhogd med sigd og gjeve i båsen til kyr. Beit var sjølvsagt berre bruka um vinteren til attåtfôr. Når dei kjørde heim veden um vinteren tok dei og med alt riset og nytta dette til beit.

Noko naudfôr med namnet brom er det ingen som kjenner til her.

Her i Bjerkreim vert vinterföö nok so mykje småkretur, sæleg sauer, men og ein del geiter. Når det höver slik at det vert snö og „innestöa" er det nokso vanlegt at folk, som hev höve til det, högg og köyrer heim furu og einerbar ogso eindel bjørkeris. Dette ligg i heile greiner spreidd på eins eller annan open plass. Kreturi vert so slepte ut og et av ditte. Det vert no ikkje rekna for so mykje mat mett, men dyri trivs med å få bita i slikt, og når dei fær ráda seg ei stund, so et dei upp heile baret.

Noko katolsk langfredags skikk kjenner me ikkje til, i samhöve med dette.

1309